



Retningslinjer for flagging

Vedteke av kommunestyre 18.02.21, sak 13/21



Sogndal kommune /// Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn

1. Heimel

Desse retningslinjene bygger på Lov om flagging på kommunale offentlige bygninger av 29.6.1933 nr. 2, sist endra 15.12.2017 og tredd i kraft 1.1.2018.

2. Generelt

I Noreg kan alle flagge når dei vil, t.d. på fødselsdagar og andre merkedagar. På dei offisielle flaggdagane blir det flagga på alle stader i landet. Dei fleste som har privat flaggstang, pleier også å flagge då.

Generelle reglar for private og offentlege institusjonar/personar ved flagging:

1. Eit flagg som vert heist på stang, skal ha ei lengd som er om lag 1/3 av stanga når ho står på bakken. På vassrett stang (ut frå bygning) skal lengda på flagget vere omtrent halvparten av stanga.
2. Når det skal flaggast på halv stang, skal flagget først heisast til topps og deretter firast til om lag 1/3 av stanga over flagget. Etter gravferd skal flagget heisast til topps. Når flagget skal firast ned frå halv stang, skal flagget heisast til topps før det blir firt.
3. I Sør-Noreg skal flagget heisast kl. 08.00 i månadene mars til oktober og kl. 09.00 i vintermånadene. Flagget skal firast ved solnedgang, men ikkje før kl. 13.00 og ikkje etter kl. 21.00.
4. Dersom flagget skal nyttast som dekorasjon, skal det ha ein heidersplass, henge fritt og ikkje spikrast fast eller plasserast slik at det kan bli trakka på.
5. Å heise to flagg på same stang, er å krenke det flagget som heng nedst.

Flagget er symbolet til fedrelandet, og ein skal vise flagget same respekt som ein viser Noreg.

3. Statsflagget

Flagging gjeld, ifølgje dette reglementet, bruk av nasjonalflagget på eller ved kommunen sine offentlege bygningar og eigedommar, eller bygningar og eigedommar som i hovudsak blir nytta av kommunale institusjonar og verksemder.

4. Andre flagg og vimplar

Det kan flaggast med andre flagg enn det norske flagget, det samiske flagget eller kommuneflagget i samband med idretts- og kulturarrangement, og liknande arrangement med allmenn interesse, ved kommunen sine offentlege bygningar, eigedommar og kommunale institusjonar. Det er ikkje tillate med flagg som symboliserer politisk, diskriminerande eller kommersiell aktivitet.

Dersom ein ynskjer å nytte andre flagg ved kommunen sine bygningar, må ein søka Sogndal kommune om dette.

5. Søknad

Skriftleg søknad om flagging med andre flagg skal ligge føre i god tid, seinast 3 veker, før arrangementet skal avviklast. Søknaden skal sendast til Sogndal kommune. I tilfelle der fleire søker om å få flagge på same dag/tidsrom, vil søknaden som kom inn først, normalt få fortrinn.

Tidsrommet for ønskt flagging må gå fram av søknaden og blir vurdert i kvart enkelt tilfelle.

[6. Heising og firing](#)

I samband med arrangement må det gå fram i søkeren kven som skal ha ansvar for heising og firing av flagget. Flagginga skal berre skje medan arrangementet blir avvikla, frå dagen det startar til dagen det er ferdig.

[7. Handsaming av søker](#)

Rådmannen avgjer søkerne etter dette reglementet.

[8. Kostnadar](#)

Om kommunen ikkje er heil- eller medarrangør, skal arrangøren stå for kostnaden med flagging. Rådmannen kan gi løyve til flagging utan vederlag for veldedige, humanitære organisasjonar utan kommersielle faktorar. Det er ikkje tillate å nytta offentlege flaggstenger til kommersielle flagg eller reklameflagg.

[9. Flaggstenger – kommunale offentlege bygningar og grunn](#)

- Fjordtun oppvekstsenter
- Sagatun skule
- Balestrand helsetun
- Rådhuset i Balestrand
- Trudvang skule
- Kvåle skule
- Kaupanger skule
- Kommunehuset i Sogndal
- Sogndal helse- og omsorgssenter
- Norane oppvekstsenter
- Fjærland oppvekstsenter
- Tinghuset på Leikanger
- Leikanger barneskule
- Leikanger ungdomsskule
- Leikanger sjukeheim

[10. Tidsrom for flagging](#)

Det skal flaggast på offisielle festdagar og på offisielle flaggdagar ved tinghuset på Leikanger, rådhuset i Balestrand og kommunehuset i Sogndal som minimum. Det skal også flaggast i dei tilfelle Kongen, regjeringa eller Statsforvaltaren ber om det. Flagging skjer elles ved offisielle besøk frå medlemmar av kongehuset, utanlandske statsoverhovud mfl. Ved vigslar i rådhuset, tinghuset eller kommunehuset, kan det norske flagget bli heist i forkant av vigsla og firast etter at seremonien er over.

[11. Flaggstenger ved skular, barnehagar og andre kommunale institusjonar](#)

Ved skular, barnehagar og andre kommunale institusjonar vil det vere opp til den aktuelle eininga å utarbeide eigne retningslinjer for flagging.

[12. Andre høve](#)

Rådmannen eller ordføraren kan gi samtykke til flagging ved høve og arrangement som ikkje er nemnde over. I tvilstilfelle skal saka leggast fram for formannskapet. Flagging ved spesielle gravferder skjer etter vedtak av formannskapet.